



## Notat

Dato: 07.04.2014  
Arkivsak: 2014/15006-1  
Saksbehandlar: fromann

---

**Til:** Britt Mari Heggøy

---

**Frå:** Ingrid Kristine Holm Svendsen

---

### Oppfølging av handlingsplan etter forvaltningsrevisjon av sjukefråvær

Det vert vist til notat med påskrift av 19.03.14, sak 2014/10504-1.

Vedlagt følgjer oppdatert handlingsplan vedr. tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapport «Sjukefråvær i Hordaland fylkeskommune», jf. vedtak i Fylkestinget av 12.12.12., sak 84/12.

I denne oppdaterte versjonen av handlingsplanen er det lagt inn status for tiltaka pr. 7. april 2014.

Fylkesrådmannen vil knytte følgjande kommentarar til oppfølginga av handlingsplanen :

Det mest omfattande tiltaket (jf. hovudpunkt 1 i planen) var utan tvil den obligatoriske leiaropplæringa i sjukefråværsoppfølging. Ca 320 leiarar med personalansvar deltok på i alt 6 kursdagar i 2013. Dei fekk opplæring både i hovudpunkta i det lov- og avtaleverket som regulerer sjukefråværshandteringa, og i det verktøyet i Personalportalen som leiarar skal nytte i oppfølginga av sine tilsette.

Ved servicesenter løn har ein tatt eit godt grep om arbeidet med korrekt innrapportering av sjukefråvær og oppfølging av refusjon frå NAV, jf. hovudpunkt 2 og 3. Det er etablert ei eigen arbeidsgruppe internt ved servicesenteret som arbeider med desse tiltaka.

Av dei tiltaka som ikkje har kome på plass, vil fylkesrådmannen særleg nemne manglande leveranse av analyseverktøy frå leverandøren av Personalportalen. Det har tatt urimeleg lang tid å få på plass eit påliteleg verktøy. Personalseksjonen har vore svært aktiv for å teste og peike på manglar i dei versjonane som har vorte levert, men leverandøren har ikkje makta å kome i hamn. Noko av forklaringa ligg i ein fusjon på eigarsida i firmaet, med tilhøyrande skifte av teknologisk plattform. Siste versjon av «HR Analyse» ser lovande ut når det gjeld brukargrensesnitt, men datafangsten har framleis store manglar. Verktøyet er derfor ikkje rulla ut i heile organisasjonen, men er teken delvis i bruk i fylkesadministrasjonen. Ut frå det store arbeidet med dette analyseverktøyet har leverandøren prioritert ned forbetring av dei standardiserte fråværsrapportane som heile tida har vore tilgjengeleg for alle leiarane, jf. tiltak nr. 4. Ein vil følgje opp denne saka i 2014.

